

## Laurdag 13. juni samlast DIS-Møre og Romsdal til tur.

*Vi var 44 personar med i bussen, og vi hadde ei kjempeoppleveling på rundturen. Vi starta i Molde, køyrde til Bud og vidare austetter Hustadvika, før vi tok båt til Kvitholmen, og til slutt var det besøk på Atlanterhavsvegen.*

Då vi starta heimafrå såg veret trøysteslaust ut, det regna! Det gjorde det også då vi starta frå Molde, men vi hadde ikkje køyrt langt før det vart opphaldsver, og etter kvart kom sola fram, og turen vart avslutta i eit flott sommarver. Triveleg sjåfør var Hans Ervik.

Vi hadde lokalkjende som gaidar på heile turen, og ut ifrå Molde og til Malmefjorden var det Åge Nortun som var gaid. Vi følgde kystlina rundt Romsdalshalvøya, og Åge fortalde oss om stadene vi køyrde forbi. Sikkert mange som ikkje hadde reist den strekninga på ei stund.

Nestemann til å gaide oss var Ole Dale, og han førde oss med sine kunnskapar om strekninga ut til Bud.

### Vi stoppa i Bud



Første stopp var i Bud med besøk på/i [Ergan Kystfort](#). Brit Sundsbø (bildet) var gaid for oss her, og ho fortalde mange historier om fortet, og livet ikring det, både frå krigstida, og tida etterpå. Vi var inne i kommandosentralen, vi var i sjukestova, langt, langt under jorda, vi passerte eit rom for lagring av proviant, og det var stallar for hestar som dei hadde. Det var laga til veldig interessante utstillingar både av plakatar, aviser og utstyr som vart bruka under krigen. Til slutt var vi inne i vassmagasinet, og her var det ein fantastisk akustikk, noko gaiden demonstrerte med å syngje for oss. Oppe på bakken var det kanonstillingar, ein kanon og forskjellige anna utstyr frå krigen.



No var vi skikkeleg kaffetørste, og vi samlast i [Bryggjen i Bud](#) til svele, kake og kaffe. Det gjorde godt, og smaka fortreffeleg.

## Malefeten og Hustad



Tidsramma var knapp, og inn i bussen igjen og vi tok fatt på turen austetter Hustadvika. Jonny Lyngstad tok over gaidinga frå Bud. Han fortalde om området vi køyrde forbi. Første stopp no var Malefeten, eit område med veldig mange gravrøyser, både store og små, som vi var ute og såg på, og Jonny fortalde.

Hustad har ein sentral plass attover i historia, det har mellom anna vore ein kongsgard her. Då var det også naturleg at det var [kyrkje på staden](#), og det er truleg at det har vore kyrkje her sidan 1100-talet. Den noverande kyrkja er frå 1875. Vi samlast inne i kyrkja, og Jonny orienterte om kyrkjehistoria på staden.

## Kvitholmen

Jonny gaida oss vidare til Kråkholmen. Herifrå var det båtskyss over til [Kvitholmen](#).



Flytebryggja ved Kvitholmen var ikkje ferdig, så vi måtte bruke småbåtar frå den større båten for å kome i land. Dette tok mykje lengre tid enn berekna, og vi måtte justera ein del på tidsplana. Men det tok alle med eit smil i det flotte sommarveret.

Det var bringa mat ut til Kråkholmen, frå [Bud Kiosk og Spiseri](#), som vi tok med oss over med båten. Og det smaka veldig godt med middag ute i det fri ved naustet på Kvitholmen. Folket

slappa av, åt og kosa seg, og praten gjekk livleg.



Vi gjekk så oppover på holmen, var innom tunet mellom husa, og inne i husa. Her var det bolig både for fyrmeistaren og assistenten, det var fjøs med låve og eit maskinhus. Jonny orienterte der, og fortalde om livet på og omkring fyrstasjonen. Han kunne og fortalje at det var 20 mål jord på holmen, så dei hadde mange dyr der ute, og var sjølvberga med mjølk. Han orienterte og om eigarforholda som

hadde vore av holmen, og om



Hustadvika, og landet og fjella  
innafor.

bygginga av fyret. Det hadde vore eit mykje høgare steintårn tidlegare, men dei hadde teke ned ein del av det, og det vart sett ei fyrlykt oppå det som står igjen. Den vart skoten ned under krigen. No er det bygd eit meir moderne, automatisert, fyr ved sida av den gamle steinkolossen. Sjølv sagt måtte vi opp på tårnet. Det er vindeltrapp, i stein, og vi gjekk alle opp til toppen av tårnet, og fekk ei fantastisk flott utsikt over

## Atlantehavsvegen



på returen til fastlandet.

Vi tok oss til land på motsett måte som utover. Først i småbåt til den større og så båt inn til Kråkholmen, der bussen venta og kørde oss til [Atlantehavsvegen](#). Vi kørde over heile vegen, og snudde på Averøya.

Det vart ein stopp for å sjå på landskapet og vegen, og mykje fotografering ved Storseisundbrua,

Til slutt fortsette vi via Vevang, Lyngstad, Malmefjorden gjennom Tustentunnelen til Molde. Jonny gaida heilt fram til Lyngstad, der tok Ragnvald Olav Eide over mikrofonen, og fortalde oss om kva vi for framom, til grensa mellom Eide og Fræna. Sistemann til å gaide var Ole Dale ein gong til, og han fortalde heil fram til ferjekaia i Molde.